

**Trond Roger Nydal**


Redaktør
trond.nydal@nordhordland.no
488 91 138

**Morten Sæle**

Journalist/fotograf
morten.saele@nordhordland.no
415 30 179

**Yngve Garen Svardal**

Journalist
yngve.svardal@nordhordland.no
415 30 177

**Eline Kirkebo**

Journalist
eline.kirkebo@nordhordland.no
413 50 350

**Irene Bratteng Fossheim**

Journalist
irene.fossheim@nordhordland.no
415 30 178

Kvernhushaugane 12, Knarvik senter - 5914 Isdalstø - Tlf. 56 35 55 55 - redaksjonen@nordhordland.no • Kjem ut onsdag og lørdag

VI MEINER

Gode forslag frå Sellevoll

Claus Sellevoll er ikkje berre komikar og humorist, han er like mykje lokalpatriot og ein viktig forkjempar for å bevare strilekulturen. Også inn i ei ny tid. Då Lindås, Meland og Radøy fatta vedtak om å slå seg saman fekk vi ein stor namnedejobb og denne engasjerte Sellevoll seg sterkt i. Han kom etter kvart opp med namnet Alver, som til slutt skulle vise seg å bli det namnet politkarane gjekk for.

Alver har historisk sus, bind alle tre kommunane saman og var noko som var lettare å einast om enn Nordhordland, som var omstridd både blant dei tre kommunane innad og kommunane som står utanfor samanslåinga.

No er spørsmålet kva kommunevåpen den nye kommunen skal ha. At ein held på eitt av dei tre symbola kommunane har i dag er lite sannsynleg. Ein kombinasjon av dei tre blir heller neppe noko god løysing. Vi må difor forvente at vi får eit nytt, sjølv om dette ikkje er avgjort.

I den samanheng har Claus Sellevoll igjen engasjert seg. Han har no saman med grafisk designar fått teikna to alternativ. Motivet er den velkjende Dampen på blå og raud bakgrunn.

I argumentasjonen viser Sellevoll mellom anna til at Dampen revolusjonerte fjordafarten og representerte eit kvantesprang inn i ei ny tid då den kom. Sjølv om vi no har andre båtar som fraktar oss, og sjøen ikkje spelar den same rolla som ferdselsåre lenger, argumenterer han for at Dampen har kvalitetar som aldri går av moten, den bidrog til trivnad, mobilitet og opplysning. Der Dampen var, møttest folk.

Nok ein gong kan det sjå ut som Sellevoll har god kontakt med sjela til nordhordlendingane, for forslaga hans til nytt kommunevåpen har utelukkande blitt positiv mottatt. På vår Facebook-side har forslaget til gode å få ein negativ kommentar. Det er sjeldan, for å seie det slik. Avisa Nordhordland er også kjent med at forslaga har imponert fleire av politikartoppene i regionen.

Vi meiner Sellevoll har komme opp med eit godt forslag. Dampen er kjent utover Nordhordland sine grenser og vil vere lett for mange å stille seg bak. Skulle det bli eit reelt alternativ, kan ein unngå at ein får ein lang og opprivande debatt. Symbol er viktig, men som vi har skrivne tidlegare er det endå viktigare å få ein god og brei debatt om kva nye Alver kommune skal bli. For her melder viktige spørsmål seg allereie no, tre år før samanslåinga er eit faktum.



Dampen er kjent utover Nordhordland sine grenser og vil vere lett for mange å stille seg bak.



VIKING-GLANS: Dagleg leiar for tusenårsstaden, Anne Hopland, flankert av Haakon Storaas og Vivi Helen Storaas. Alle tre er medlemmer i Frender Vikinglag, som kasta glans over opninga.

FOTO: KJELL MAGNUS ØKLAND

Markerte returen til Olavskrossen

Den over tusen år gamle steinkrossen i Eivindvik er gjenreist, fem år etter at den vart knekt.

OLE J. ØVRETVEIT, FIRDA
redaksjonen@nordhordland.no

Sorga var stor i Gulen då steinkrossen som har stått ved kyrkjegardsmuren vart knekt i april 2012. Krossen er frå 1000-talet, og ein reknar med at den vart sett opp i samband med kristninga av Norge. Det ironiske var at korset vart knekt då ein felte eit tre - fordi ein var redd for at treet skulle velte og knekke korset.

Sjokkmelding

- Eg sat i eit møte då eg fekk meldinga som ein tekstmelding: «Krossen e øydelagd!» Dei andre sa at det såg ut som om eg hadde fått melding om eit dødsfall i familien der eg storma ut, sa Trude Brosvik under markeringa av gjenreisinga av korset i førre veke.

Det første Brosvik gjorde den fatale dagen var å ringe politiet og melde frå om det som hadde skjedd.

- Det var sjokk og vantru og stor sorg for mange, då korset vart knekt, sa ordførar i Gulen

Hallvard Oppedal.

- Ein kan jo berre ta ein kik på kommunevåpenet til Gulen, så skjønar ein kvifor det var så viktig for folk at korset måtte komme attende til Gulen, repliserte riksantikvar Jørn Holme, som vitja Eivindvik under markeringa.

Lang kamp

- Her i Gulen er vi veldig glade for at korset no er kommen opp att der det stod før uhellet. For oss er det og veldig viktig at den kom opp att på same stad, fordi den er ein historieforteljar om Gulatinget og om innføringa av kristendommen i Noreg.

Det var nemleg ikkje så sjølvstøtt at korset skulle gjenreisast på same staden, fortalde Oppedal:

- Det var ulike synspunkt i fagmiljøa om kva som ville vere den beste løysinga. men til slutt vart kommunen lytta til, og Riksantikvaren bestemte at korset skulle settast opp att i Gulen. Restaureringsopdraget vart deretter gjeve til Stavanger Arkeologiske Museum. Markeringa inneheldt også opptog, diktlesing, konsert og festmiddag.

Endra køyremønster

Bergen kommune har i samråd med Statens vegvesen lagt om køyremønsteret i Salhusvegen.

Dette vil spesielt ha innverknad på trafikkforholda for dei som skal hente og bringe ved Salhus skule, men også andre som trafikkerer her bør vere obs på endringane.

Omlegginga vil også berøre dei frå Nordhordland som køyrer via Salhus.

Det er gjort vesentlege innskrenkingar i køyrebana, og det er ikkje lenger mogleg å parkere ved frisøren. Busshaldplassane er derimot vesentleg forbetra, melder Bergen kommune.

Kommunen oppfordrar alle som skal til og frå skulen om å ta buss eller gå for å unngå farlege situasjonar.

«Dersom du må køyre, oppmodar vi igjen til å køyre direkte ned til kyrkja og snu der. Når du kjem opp, kan du plassere deg på parkeringsplassen. Hugs på at det er fleire som kjem i løpet av dei minutta du står plassert der for å sleppe av eit barn, så du må tenkje på korleis du plasserer deg.»

Skaff deg digital tilgang

Er du abonnent, men har framleis ikkje digital tilgang og kan lese plusstoffet vårt på nordhordland.no? Fortvil ikkje. Dette er gratis for deg som er abonnent. Du får tilgang ved å gå inn på nordhordland.no, velje «Meny», «Logg inn» og «Ny brukar». Deretter følgjer du trinna vidare. Treng du hjelp kan du ringe oss på tlf. 56 35 55 55 eller komme innom oss i Knarvik senter i opningstida klokka 08-16 måndag - fredag.

TIPS OSS!
916 20 916

PRESSENS FAGLIGE UTVALG
Nønsker å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Om nokon meiner seg ramma av urettmessig omtale, oppmodar vi dei om å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reisa klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17, pb.46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf: 22405040, e-post: pfu@np-nr.no. Nh tar unna rett til å arkivera og distribuera stoff som blir kjøpt eller utgitt av Nh, i elektronisk eller annan form - anten gjennom eigen database- eller gjennom samarbeidspartnarar som avisa har avtale med. Avfotografering av stoff og annonsar for vidare produksjon er ikkje tillate utan etter avtale med Nh.

Skal du annonsere?

Ta kontakt med marknadsavdelinga:

Kurt Grindheim

kurt.grindheim@amedia.no Tlf. 416 12 002

Roar Kjetil Mikkelsen

roar.mikkelsen@nordhordland.no Tlf. 902 00 035

Torbjørn Dalland

torbjorn.dalland@amedia.no Tlf. 902 01 680

Åpningstider måndag til fredag 08.00 - 16.00



ISHUSET: Her er «Ishuset» der båten har funne sin plass.



EIN GOD PRAT: Ein god prat høyrer med når folk møtest i Nøtlevågen, no som i gamle dagar.



GRÅTASSEN POPULÆR: Som vi ser er gråtassen alltid ein publikumsvinnar.

Har fått plass i Ishuset

Over 180

år gammel

Den over 180 år gamle fiskebåten frå Askeland har fått sin plass i Ishuset i Nøtlevågen.

ARTHUR KLEIVELAND
redaksjonen@nordhordland.no

Båten vekte stor interesse under familiedagen i det kulturhistoriske miljøet.

Folk var imponerte over den gamle båten, og kor bra stand den egentleg er i, seier Bjarte Vaktstjold i Nøtlevågen meieri.

Fiskebåten var ikkje ny då han kom frå Sætre til Askeland i ca. 1840. Byggeåret er ikkje eksakt tidfesta. Båten - som er av hardangertypen, vart registrert og oppmålt i 1993 under båt- og sjøbruksregistreringane i Nordhordland.

Nils Askeland kjøpte båten den gongen, og det blir fortald at han var ein flittig fiskar. Båten hadde eit mannskap på 6 mann.

- Båten blir liggjande i Nøtlevågen for at interesserte kan koma og sjå, og gje innspel om kva ein kan gjera vidare med båten, seier Bjarte Vaktstjold til Avisa Nordhordland.

Sentral møtestad

Nøtlevågen på Radøy var i sin glansperiode ein sentral møtestad med dampskipskai, meieri og butikk. Eldsjeler har gjort

ein flott innsats med å setja bygningane i stand og skapa nytt liv.

- Dette er eit unikt miljø som vi er veldig glad for å kunna ta vare på og som vi synest det er kjekt å visa fram, seier Bjarte Vaktstjold i Nøtlevågen meieri.

Ishuset stod ferdig restaurert i fjor. Til familiedagen i år var meierisalen rydda og vaska og møblert med tre langbord, bygdas største og best bevarte «stove» frå 1916.

Stadig «nye skattar»

Arrangørane melder om godt oppmøte på dagarrangementet i Nøtlevågen. Folk kosa seg i god, gamaldags kafe. Det var også godt sal frå bruktbutikken - her dukkar det stadig opp nye «skattar».

Det var god deltaking i fiskekonkurransen, som er primært for den yngre garde. Det var to rekordfangstar på over to meter fisk, - i Nøtlevågen brukar dei nemleg som regel meterstokk og kuleramme for å kåra vinnaren i fiskekonkurransen.

Bryggjetreffet om kvelden, der Rune Nilsen spelte og hadde med seg karaoke, var ein stor suksess. Stemninga nådde gamle «høgder» og det var allsong og dans, og prat med naboar, kjende og ukjende til langt på natt i Nøtlevågen.



VEKTE OPPSIKT: Denne ca. 180 år gamle fiskebåten har i denne omgang fått sin plass i ishuset i Nøtlevågen.

ALLE FOTO: PRIVAT



GODSAKER: Lappar og andre godsaker på familiedagen.



HAR GJORT MYKJE: Eldsjeler har gjort mykje for å restaurera bygningar og anlegg i Nøtlevågen.